

**KULTURDEBATT //** Redaksjonar halverast over heile landet. Journalistar, fotografar, typografar og redaktørar takkar for seg og vender nasen til andre bransjer, skriv Elise Ardal.

# Ytrings- fridom for fall

## YTRINGSFRIDOM



ELISE ARDAL  
Journalist

**YTRINGSFRIDOMENS TRE** står for fall. Nokre meiner det berre er bra. Ein lukar ut dei mindre gode skota på dette treet av ytringsfridom. Eg

er for så vidt einig. Det er mykje dårleg journalistikk der ute, men som oftast er det ikkje på grunn av dårlege skot. Det er på grunn av dårleg stell.

Gartnaren forsømmer treet og dei nye skota. Han er mest oppteken av å få fruktene som kjem kjapt. Som oftast er desse litt sure, fordi dei vert plukka før dei er modne.

Det mangfaldige media, som treet og greinene er, får ingen sjanse til å gjere godt arbeid. Det står der og må berre sjå på – røtene som eig dei held for godt fast.

Dei mange sure, umodne fruktene dreg næringa ut av treet. Næring som

burde vore brukt på dei tjukkare greinene og nokre av dei nye skota.

**RØTENE MERKAR** også dette. Dei stengjer av næringskanalane – nett som ved vinters-tid. For mediehus er det vinter året rundt. Dei nye skota og mange av dei gamle greinene fell til bakken. Mange av desse har framleis næring i seg. Dei har vilje og slår røter litt lenger borte i hagen.

Treet sjølv har merka dette i fleire år allereie. Andre tre har byrja å vekse til i nærleiken. Desse andre aktørane ber berre ein type frukt, men veks seg stadig større. Gartnaren plukkar gladeleg av desse fruktene også. Han tenkjer ikkje på at fruktene er einfaldige – han et til det er tomt.

**EIGARANE ER SÅ OPPTEKNE** av å hente ut kortsiktig gevinst, at dei ikkje ser at fruktene vert mindre og mindre på Ytrasil. Ytringane vert for mange og for upålitelige. Gartnaren veit ikkje om han kan ete desse fruktene i det heile. Folk vil ikkje ha medium dei ikkje kan stole på.

**Eigarane er så oppteke av å hente ut kortsiktig gevinst, at dei ikkje ser at fruktene vert mindre og mindre på Ytrasil**

**DEI ANDRE TREA** i hagen veks seg større, og dei einfaldige fruktene er til slutt det einaste gartnaren et. Sjølv om desse trea ikkje har demokratiets beste, men eiga vinning, som høgaste prioritet.

Gartnaren må stelle betre med treet – fruktene er trass alt til for han og demokratiet han lever i.

Ein skulle tru at Ytrasil var eviggrøn, men det er berre ei myte.

## Vi må støtte Corner- teateret

### KULTURSTØTTE



TOM SVERRE TOMREN  
Leiar, Miljøpartiet Dei Grøne Hordaland



NATALIA ANTONIA  
GOLIS  
Fylkestingsrepresentant,  
Miljøpartiet Dei Grøne,  
Hordaland

**KULTUR- OG RESSURSUTVALET** i Hordaland fylkeskommune fekk i april ein søknad frå Teaterdrift Bergen A/S om ekstraordinær støtte til drifta av Cornerteateret. Søknaden viste til krisesituasjonen som rår for teateret, og vi hadde tidlegare vore varsla munnleg om den vanskelege økonomiske situasjonen.

I møte 3. juni behandla utvalet, der Miljøpartiet De Grøne (MDG) har to representantar, sak om opne søknad til tilskott til allmenne kulturforemål. I behandlinga kom det fram ein feil i møteprotokollen, som har utløynt mykje forvirring og uriktig framstilling i media.

**DET BLEI TILRÅDD** ei naudstøtte på 200.000 kroner som MDG stemte for, men Høyre, Framstegspartiet og Venstre har, av prinsipielle grunner, strøke støtta.

Dette er beklageleg. Vi har på fylkestinget fremma felles forslag med SV om å løyve 250.000 kroner til Cornerteateret. Denne blei ikkje godkjent.

Vi meiner det er særst viktig å hindre at dette teaterhuset må leggje ned drifta etter kort tid. Cornerteateret dekkjer eit behov både for teateraktivitetar for barn og unge, og ikkje minst for det frie, profesjonelle scenekunstmiljøet i Hordaland.

**CORNERTEATERET HAR** regional betydning for begge desse miljøa, og ser det nyskapande og potensi- alet i at både profesjonelle og amatørar, barn og unge held til i same hus.

Det har lenge vore mangel på lokale for dei frie scenekunstgruppene i Bergen, og Cornerteateret tilbyr no både prøvelokale og arena for framsyning, noko som er essensielt for at det også kan produserast ny scene- kunst i fylket og at det frie scene- kunstmiljøet kan utviklast.

Vi vil stø opp om og prioritere å leggje til rette for infrastruktur på kunstfeltet.



**MINDRE MANGFALD:** Andre tre har byrja å vekse til i nærleiken. Desse trea har ikkje det same mangfaldet av frukter som Ytrasil. Dei ber berre ein type frukt, skriv innsendaren.

ILLUSTRASJON: ØIVIND HOVLAND

## DAGENS ANBEFALING



Delta i kulturdebatten på kulturdebatt@bt.no. Maks lengde hoveddinnlegg: 4900 tegn inkl. mellomrom, spalteinlegg 1800 tegn.

**Overvåket:** Hvem er Edward Snowden? Hva er det han har avslørt? Hvordan blir du rammet av NSAs overvåking? Les Glen Greenwalds bok «Overvåket» («No place to hide»). Den burde sperre opp noen øyne.

MATHIAS FISCHER, DEBATTJOURNALIST I BT